ALVER
KOMMUNE

**Plan og byggesak**

Sweco Norge AS
Postboks 80 Skøyen
0212 OSLO

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Josep Gayrbekov | 03.06.2022 |
| Vår: 21/9679 - 22/42297 | josep.gayrbekov@alver.kommune.no | |

# Dispensasjon og løyve til endring av rammeløyve - gbnr 322/218 Mjåtveit

| | |
|---|---|
| **Administrativt vedtak:** | **Saknr: 623/22** |
| **Tiltakshavar:** | Alver kommune |
| **Ansvarleg søkjar:** | Sweco Norge AS |
| **Søknadstype:** | Søknad om endring av tiltak |

**VEDTAK**
**Det vert gjeve mellomels dispensasjon frå arealføremål friluftsområde, naturføremål og frå 4-meters byggjegrense mot nabo for etablering av brannvassbasseng, trykkaukingsstasjon og anleggsveg. Vedtaket et heimla i plan- og bygningslova § 19-2.**

**Søknad om endring av rammeløyve datert 12.12.2021 vert godkjent. Endring inneber etablering av anleggsveg, samt endra plassering av brannvassbasseng og trykkaukingsstasjon. Endring vert godkjent på følgjande vilkår:**

1. **Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 05.04.2022 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.**
2. **Tiltaket skal fjernast når ein permanent løysning for brannsløkking er kome i stand.**
3. **Arealet skal tilbakeførast til opphavleg tilstand når tiltaket fjernast**

**Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova §§ 20-1 jf. § 20-3.**

**Tiltak**
Saka gjeld søknad om endring av gitt løyve til brannvassbasseng og trykkaukingsstasjon , jf. vedtak datert 16.02.2022. Endringa gjeld endra plassering av brannvassbasseng og trykkaukingsstasjon. Tiltaket vert flytta ca. 20 meter i retning sørvest.

Endringa gjeld og etablering av anleggsveg som ikkje tidlegare var søkt om.

Det vert elles vist til søknad mottatt 10.05.2022 .

**Sakshandsamingsfrist**
Søknaden var komplett og klar for handsaming den 10.05.2022. Søknaden krev dispensasjon, frist for sakshandsaming er difor 12 veker.

**Planstatus**
Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for næringsområde Mjåtveit-Dalstø (planid: 12565 2009 0002) er definert som «friluftsområde».

Ein liten del av tiltaket ligg i område definert som «naturområde» i detaljregulering for næringsområde Mjåtveit-Dalstø (planid: 1256 2012 0001).

**Dispensasjon**
Tiltaket krev dispensasjon frå arealføremål friluftsområde, naturføremål og frå 4-meters byggjegrense mot nabo. Det er søkt dispensasjon med slik grunngjeving:

- Arealformål: Friluftsområde, jf. reguleringsplan § 4.1.

*Dispensasjonsvurderingens interesseavveining*
Ulempen ved at tiltaket plasseres i friluftsområdet, er at man gjør inngrep i natur som man ønsker å verne. Friluftsområde skal sikre rekreasjon for allmennheten, og burde således ikke tildekkes med utfyllinger i for stor grad. Det bemerkes at det allerede er foretatt en utfylling i område, ref. uttalelse fra statsforvalter datert 25.01.22, men at man vil holde dette til et minimum i dette tilfellet. Den eksisterende fyllingen er også årsaken til at man har måttet flytte plasseringen, da det kun var løsmasser på eksisterende plassering, se vedlagt følgeskriv til endringssøknad.

Tiltaket anses som forholdvis lite, og det gjøres mindre inngrep helt i utkanten av friluftsområdet, helt opp mot næringsområdet. Plasseringen er som nevnt også gjort med tanke på brannsikkerhet og nær tilgang til hovedvannledningsnettet slik at man enkelt kan fylle bassengene og levere vann uten at man må gjøre store utgravinger til grøfter.

Fordelene er at man innfrir krav stilt i reguleringsbestemmelsen § 1.1.3, som videre åpner opp for drift i Mjåtveit Næringspark. Utbyggingen av næringsparken er i planbeskrivelsen omtalt som viktig for Alver kommune da man kan tilby egnede næringstomter sentralt plassert i kommunen, som igjen vil tilrettelegger for mange nye arbeidsplasser. For at dette skal kunne videre realiseres, må man ha tilstrekkelig brannvannskapasitet, som nevnt også er en forutsetning i reguleringsplanens § 1.1.3.

Dette er et ønsket tiltak, som vil medføre mange arbeidsplasser i området. Økning i brannvannskapasiteten vil også gi fordeler til lokalsamfunnet for øvrig, da bassenget med tilhørende pumper også vil forsyne Frekhaug-området med brannvannskapasitet.

Videre bemerkes det at arealet i stor grad kan anvendes som friluftsareal, men at det trolig ikke er veldig aktuelt å anvende det som dette med tanke på at det er på baksiden av en næringstomt. Man kan likevel ferdes over området og hindrer således ikke bruken som formålet er ment å ivareta.

Fordelene ved at det gis dispensasjon må dermed sies å klart overveie ulempene i dette tilfellet.

*Konklusjon:*
Den ovenstående gjennomgangen av saken viser at de hensyn bestemmelsen det søkes dispensasjon fra ikke blir vesentlig tilsidesatt dersom det innvilges dispensasjon. Videre er det tydelig at fordelene ved å innvilge dispensasjonen er klart større enn ulempene. Vilkårene for å innvilge dispensasjon er derfor til stede, jf. pbl. § 19-2.

- Arealformål: Naturformål, jf. detaljreguleringsplan § 6.1.

Det er i detaljreguleringsplan for næringsområde Mjåtveit-Dalstø, planid: 125620090001 § 6.1 fastsatt vilkår for tiltak innenfor naturformål. I bestemmelsen fremkommer det at:

**§ 6 Landbruk-, natur- og friluftsføremål (pbl § 12-6 ledd nr 5)**

**§ 6.1 Naturformål**

1. I områda f_LNFRN01 - f_LNFRN03 skal vegetasjon og natur takast ivare
2. Det tillatast fyllingar og skjeringar i områda. Fyllingar skal tilsåast og plantast
3. I f_LNFRN02 skal det etablerast rensepark for overvasshandsaming
4. I f_LNFRN02 tillatast vegtilkomst for traktor og liknande til renseparken som kan nyttast i samband med vedlikehald og tilsyn
5. I f_LNFRN01 skal det etablerast ein mindre voll i grensene mot næringsområdet som hindrar overvatn og forureining å renne ut i Dalstjørna, myrområda og Dalstøelva. Vollen skal vere opparbeidd før det kan gjevast bruksløyve til næringsareala nord og vest i planen.

Omsøkt tiltak innebærer å plassere en svært liten del av anleggsveien tilhørende brannvannbassenget innenfor arealformålet «naturformål». Anleggsveien skal etableres på f_LNFRNR01, og det er således krav til at vegetasjon og natur skal tas vare på. Videre tillatelse det fyllinger og skjæringer i område så lenge det plantes. Det er også etablert en mindre voll som nevnt i punkt 5, basert på opplysninger som nevnt ovenfor fra statsforvalter og grunnundersøkelser som er gjort.

Det vises i den forbindelse til argumentasjonen over, som gjør seg gjeldende også for dette tilfellet. Anleggsveien er en forutsetning for drift- og vedlikehold av brannvannbassenget, og plasseringen er dermed nødvendig for omsøkt tiltak.

Ulempene ved å gi dispensasjon, er selve formålet med arealformålet, altså at man skal ta vare på vegetasjonen og naturen i området. Brannvannbassenget vil beslaglegge noe av dette arealet. Det er likevel en mindre del av området, og som er helt i utkanten av naturområdet. Tiltaket er også tett opp mot næringsbebyggelsen. Videre er tiltaket som nevnt over, en forutsetning for videre drift av Mjåtveit Næringspark som er et ønsket tiltak i området. Basert på begrunnelsen over, er det vår vurdering at fordelene er «klart større» enn ulempene i dette tilfellet.

Den ovenstående gjennomgangen av saken viser at de hensyn bestemmelsen det søkes dispensasjon fra ikke blir vesentlig tilsidesatt dersom det innvilges dispensasjon. Videre er det tydelig at fordelene ved å innvilge dispensasjonen er klart større enn ulempene. Vilkårene for å innvilge dispensasjon er derfor til stede, jf. pbl. § 19-2.

➤ Avstand til nabogrense, jf. Pbl. § 29-4 andre ledd.

I plan- og bygningslovens § 29-4 stilles det krav til tiltakets plassering, høyde og avstand fra nabogrense, så fremt ikke annet er bestemt i plan. I plankart til reguleringsplanen fremkommer det ikke en tydelig byggegrense, utover formålsgrensen til næringsområdet. Heller ikke i detaljreguleringsplan «Mjåtveit Næringspark», planid: 12562012001 (heretter detaljereguleringsplanen) fremgår det en byggegrense. Omsøkt tiltak plasseres hovedsakelig utenfor planområdet, og i sin helhet utenfor byggegrense fastsatt i plankart. Det er heller ikke fastsatt byggegrense i KPA i området for omsøkt tiltak.

Man faller dermed tilbake på avstandsgrensene fastsatt i pbl. § 29-4 andre ledd, hvor det fremkommer at byggverk skal ha en avstand fra nabogrense tilsvarende byggets halve høyde, og ikke under 4 meter. Bestemmelsen gjelder ikke bare for byggverk, men også for varige konstruksjoner og anlegg etter pbl. § 30-4 så langt det passer. Således vil brannvannsbasseng også omfattes av pbl. § 29-4 andre ledd, jf. pbl. § 30-4.[1]

Bassenget er totalt 6 meter høyt, og det vil derfor være avstandsgrensen på 4 meter som blir gjeldende for omsøkt tiltak.

Ventilkammer plasseres ca. 2 meter fra tomtegrense, og anleggsvei inntil 0 meter fra tomtegrense. Omsøkte tiltak er plassert nærmere nabogrense enn 4 meter og vil følgelig være avhengig av dispensasjon fra avstandsbestemmelsen.

*Vurdering av hensynenes tilsidesettelse – bakenforliggende hensyn*
I vurderingen av om hensynene bak bestemmelsen blir vesentlig tilsidesatt, må man se hen til formålet bak bestemmelsen.

Formålet bak plan- og bygningsloven § 29-4 er bl.a. brannvernhensyn og behovet for å sikre lys og luft mellom bygg, utsikt og en viss avstand mellom nabobebyggelse, samt hensyn til terreng og omgivelsestilpasning. Kommunen skal anvende bestemmelsen slik at en oppnår en arealdisponering, som på en god måte ivaretar både utbyggers interesser og ønsker, offentlige interesser samt hensyn til naboer slik at de beholder/kan få tilsvarende kvaliteter. Bestemmelsen er dermed en viktig styringshjemmel for kommunene[2].

I dette tilfellet er det snakk om å plassere er brannvannsbasseng med ventilkammer ca. 2 meter fra tomtegrensen til gbnr. 322/245, og anleggsvei 0 meter fra 322/270 (foreligger samtykke). Tiltaket ligger i et større område for næringsvirksomhet, og således vektlegges ikke hensynene til utsikt- og lysforhold i like stor grad som ved et boligområde. Bassenget vil med tilhørende ventilkammer være ca. 6 meter høyt, og dermed ikke skjerme i særlig stor grad sammenlignet med bebyggelsen ellers i området, se bildet nedenfor. Det er heller ingen bebyggelse mot myr/skogområdet som man kan skjerme for, og det er også lite sannsynlig med fremtidig utbygging i naturvernområdet.

Når det gjelder hensynet til miljø og brannsikring, vises det til argumentasjonen ovenfor vedrørende dispensasjon fra § 4.2 i reguleringsplanen. Plasseringen er viktig med tanke på avstanden til Rosselandsvegen 410 (gbnr. 322/245) slik at brannsikkerheten mellom basseng og ventilkammer og eksisterende bygningsmasse ivaretas. Det er 11 meter mellom ventilkammer og nærmeste byggverk.

I alle tilfeller vil tiltaket plasseres med tilstrekkelig avstand og/eller benytte brannskillende bygningsdeler til eksisterende bebyggelse med tanke på tiltak mot brannspredning mellom byggverk, jf, TEK17 § 11-6. Plasseringen er også sentral med tanke på tilkomst, drift og vedlikehold, ref. argumentasjonen ovenfor.

Vi vurderer det derfor slik at hensynene bak avstandsbestemmelsene ikke blir vesentlig tilsidesatt i dette tilfellet.

*Dispensasjonsvurderingens interesseavveining*
Vi kan ikke se nevneverdige ulemper ved at det tillates slik dispensasjon. For de fordeler tiltaket vil gi, vises det til argumenter fremholdt i de dispensasjonssøknad ovenfor. Det legges til at plasseringen er gjort med tanke på kravet til brannsikkerhet, og således også en fordel ved tiltaket.

Fordelene er klart større enn ulempene og vil ikke få negative konsekvenser for helse, miljø, sikkerhet og tilgjengelighet. Fordelene ved at det gis dispensasjon må dermed sies å klart overveie ulempene i dette tilfellet.

*Konklusjon:*
Den ovenstående gjennomgangen av saken viser at de hensyn bestemmelsen det søkes dispensasjon fra ikke blir vesentlig tilsidesatt dersom det innvilges dispensasjon. Videre er det tydelig at fordelene ved å innvilge dispensasjonen er klart større enn ulempene. Vilkårene for å innvilge dispensasjon er derfor til stede, jf. pbl. § 19-2.

**Uttale frå anna styresmakt**
Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

Kommunen legg til grunn at søknad om dispensasjon på grunn av tiltaket sin art og plassering ikkje skal sendast på høyring til Statsforvaltaren i Vestland. Statsforvaltaren i Vestland får vedtaket til klagevurdering.

**Nabovarsel**
Det vert gjeve fritak for varsling.

Det blei sendt nabovarsel i opphavleg søknad. Ein finn at naboars interesser ikkje vert råka av endringa.

**Plassering**
Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 05.04.2022.

Minsteavstand til nabogrense er opplyst til å vere 2 meter. Det er ikkje innhenta samtykkje frå eigar av gbnr 322/245. Tiltakshavar søkjer dispensasjon frå avstandskravet i pbl. § 29-4.

Det er søkt om topp golv på kote ca. + 52 og gesimshøgd på kote ca. + 58 for ventilkammeret. For brannvassbassenget vert set søkt om topp golv ca. + 55 og mønehøgde ca. 60,4. Det er søkt om planeringshøgde på kote + 54,6.

**Vatn og avløp (VA)**
Tiltaket skal knytast til offentleg vassverk for å fylle på bassenget og levere sløkkevatn frå bassenget til Mjåtveit næringspark og Frekhaug-området

**Tilkomst, avkøyrsle og parkering**
Tiltaket medfører ikkje endring i åtkomstforhald.
Det vert innhenta tillatels til tilkomst over gbnr 322/270 og 322/269 pr. e-post.

**Terrenghandsaming**
Teikningar/snitt viser eksisterande og nytt terreng, og plassering i høve terreng.

**Tekniske krav til byggverk**
Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med byggteknisk forskrift.

**VURDERING**
**Dispensasjon**
Det er to vilkår som må vere oppfylt for å gje dispensasjon etter pbl. § 19-2. For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det dispenserast i frå ikkje verte vesentleg tilsidesett. For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på nasjonale og regionale rammer, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden.

Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan setje vilkår for dispensasjonen. Vilkåra må liggje innafor ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vere ein naturleg samanheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulemper dispensasjon kan medføre.

*Arealføremål LNF/Friluftsområde*
Arealføremålet LNF skal verne om interessa knytt til landbruk, natur og friluftsliv. Ein skal unngå uheldig fortetting og omdisponering av areal som anten skal nyttast til landbruksføremål eller som kan nyttast og har kvalitetar innan natur og friluftsliv.

Underføremålet friluftsområde har som føremål å «*halde oppe sin bruksverdi for ålmenta sine friluftsinteresser og si rolle som landskapsverdi*» jf. RP for næringsområde Mjåtveit-Dalstø (PlanID 1256 2009 0002).

Omsøkte tiltaket på om lag 160 m² brutto skal byggjast i eit ca. 38 daa stort LNF-område, med underføremål friluftsliv og naturvern. Tiltaket skal plasserast heilt aust i området, i nærleik av næringsområde. Det vert flytta 20 meter sørvest i forhold til førre plassering. Tiltaket har vidare ein mellombels karakter, da tiltaket skal fjernast, og arealet skal førast tilbake til opphavleg stand om 5-10 år, etter at ein varig løysning for sløkkjevatn er kome i stand.

Statsforvaltaren i Vestland har i sin uttale påpeikt at det har blitt gjort store utfyllingar i naturvern- og friluftsområde mellom 2011-2015, og at det omsøkte tiltaket ser ut til å i stor grad liggje på denne fyllinga. Ansvarleg søkjar har i denne forbindelse vist til vedtak (sak 13/5069) frå tidlegare Meland kommune frå same tidsrom, kor det blei godkjent planering og grunnarbeid for Mjåtveit næringspark. Godkjente situasjonsplan og terrengprofilar verkar å samanfalle nokoleis med dagens arealtilstand. Administrasjonen legg til grunn at fyllinga tiltaket vert plassert på er

lovleg.

På grunn av tiltakets storleik, plassering og midlertidige karakter, vurderer administrasjonen at omsyna bak føresegna i området ikkje verte vesentleg sett til side. Det er likevel slik at fordelane ved å gje dispensasjon må vere klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

Tiltaket avgrensar området sin landskapsverdi når det står i kontrast til omgivnadane. Det motarbeider og friluftsinteressene ved å oppta et areal ålmenta har bruksrett til. Det er videre uheldig at tiltaket plasserast i nærleiken av særpreget natur som er forsøkt sikra i reguleringsplanen. Statsforvaltaren i Vestland har påpeikt at tiltaket burde i utgangspunktet etablerast byggjegrensen i reguleringsplan for næringsområde Mjåtveit-Dalstø.

Plasseringa i friluftsområdet skal skyldast den korte avstanden til hovudvassleidningsnettet, slik at ein unngår uhensiktsmessig lang strekning med grøft mellom tiltaket og leidningsnettet. Det ligg og brannsikkerheitsmessige omsyn bak plasseringa, i tillegg til at det sikrar nok areal for tilkomst, drift og vedlikehald av brannvassbassenget. Etablering av anleggsvegen vurderast difor som ein naudsynt del av tiltaket.

Premissen for at det ble gitt dispensasjon for tiltaket si førre plassering var blant anna at det skulle plasserast i områdets nord-austre hjørne, nærmast mogleg næringsområdet i aust og fylkesvegen i nord, slik at ein unngikk oppstykking av friluftsområdet.

Den nye plasseringa er 20 meter lenger sørvest. Førre plassering skal ha vore lite egna da området hadde for mykje lausmasser. Tiltaket skal no plasserast på fjell. Flyttinga vurderast som uheldig ut i frå eit frilufts- og landskapsperspektiv, særleg når dette i utgangspunktet burde ha vore løyst innanfor næringsområda. Når tiltaket først skal stå i friluftsområdet vurderast det likevel naudsynt for å unngå utgliding av lausmassar.

Tiltaket vurderast vidare å ha ein samfunnsnyttig betydning då det bidrar til realisering av reguleringsplanen ved at kravet om uttak for brannsløkking i pkt. 1.1.3. blir innfridd, og opnar for videre utvikling av næringsområdet. Tiltaket vil og forsyne Frekhaug-området med brannvasskapasitet.

Tiltaket er elles relativt lite i omfang og skal plasserast heilt i aust, tett opp mot næringsbygget. Friluftsinteressene slår ikkje like sterkt inn. Tiltaket skal dessutan fjernast og arealet settast tilbake til opphavleg stand når ein permanent løysning kommer i stand.

Administrasjonen vurderer at fordelane med å gje midlertidig dispensasjon er klart større enn ulempene. Dispensasjonen vert gjeve mellombels for ubestemt tid, fram til permanent løysning liggjar føre.

*Arealføremål LNF/Naturføremål*

Naturføremål er eit underføremål til LNF og har som hensikt å sikre vegetasjon og natur i området.

Ein mindre del anleggsvegen skal etablerast i område definert som f_LNFRNR01. Det er satt av 11.758 daa til dette føremålet. Anleggsvegen vurderast å være eit naudsynt ledd i realiseringa av brannvassbassenget. Vegen må plasserast strategisk i førehald til brannvassbassenget - alternativa er difor avgrensa. Kommunen vurderer at det er klart større fordelar enn ulemper med å gje dispensasjon.

*Avstand frå nabogrense i pbl. § 24-4 andre ledd*
Føremålet bak avstandsregelen i § 29-4 er først og fremst meint å ivareta branntekniske omsyn, men er og meint å sikre lys, rom og utsikt på naboeigedommar.

Brannvassbassenget og ventilkammerets nye plassering er 2 meter frå nabogrensa, på lik avstand som førre plassering. Avstanden til nærmaste byggverk er redusert noko, men er over 8 meter. Branntekniske omsyn vurderast difor fortsett ivaretatt. Omsyna til lys, rom og utsikt gjer seg ikkje sterkt gjeldande då det er tilstrekkeleg avstand til eksisterande bygningar. Utbygging i naturvern- og friluftsområde er lite sannsynleg. Tiltaket har vidare eit samfunnsnyttig føremål samtidig som det ikkje er permanent.

Administrasjonen vurderer at omsyna bak § 29-4 andre ledd ikkje verte vesentleg sett til side og at fordelane med å gje dispensasjon er klart større enn ulempene.

**Plassering**
Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

**Regelverk**
- Endring av tiltak er søknadspliktig etter plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-3/20-4, jf. 20-2, jf. 20-1.
- Kommunen sine fristar for sakshandsaming går fram av byggesaksforskrifta (SAK) § 7-1, jf. § 7-1 første ledd bokstav b).
- Tiltak skal nabovarslast i samsvar med pbl. § 21-3.
- Krav til visuelle kvalitetar i tiltaket går fram av pbl. § 29-2.
- Tiltak skal oppførast i samsvar med byggteknisk forskrift (TEK), jf. pbl. § 29-5.
- Krav til avfallsplan følgjer av TEK § 9-6.
- Krav til skildring av miljøsanering følgjer av TEK § 9-7.
- Kommunen kan gi dispensasjon, jf. pbl § 19-2 andre ledd, men bør ikkje gi dispensasjon når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden, jf. pbl § 19-2 fjerde ledd.
- Kommunen kan setje vilkår for ein dispensasjon, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.
- Kommunen skal ikkje ta stilling til privatrettslege tilhøve, jf. pbl § 21-6.

**Mynde**
Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**
Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

**Ansvar**
Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

**Bortfall av løyve**
Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at rammeløyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

**Avfall**
Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

**Ferdigstilling**
Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 21/9679**

Med vennleg helsing
Alver kommune

| | |
|---|---|
| Are Frøysland Grande<br>Avdelingsleiar | Josep Gayrbekov<br>Rådgjevar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**
Supplering av søknad - gbnr 322/218 Mjåtveit - brannvannsbasseng
5_SØK-DISP_Dispensasjonssoeknad_Søknad om dispensansasjon til utsending_v3 (endringssøknad).pdf
6 Følgebrev til endringssøknad_til utsending
3  Vedlegg D1 Situasjonsplan
4 Vedlegg E8 Kumskjema O1
5 Vedlegg Q1 Tegningsliste
6 Vedlegg E1 Plantegning B01
7 Vedlegg E7 Plan og snitt vannkum V2
8 Vedlegg E2 Lengdeprofil veg C01
9 Vedlegg E9 Tverrprofil planering
10 Vedlegg E10 Tverrprofil atkomstveg
11 Vedlegg E3 Normalprofil veg F01
12 Vedlegg E4 Lengdeprofil vannledning GH02
13 Vedlegg E5 Lengdeprofil overvannsledning GH03
14 Vedlegg E11 Snitt høydebasseng og ventilhus
15 Vedlegg E6 Plan og snitt vannkum V1

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Alver kommune | Postboks 4 | 5906 | FREKHAUG |
| Sweco Norge AS | Postboks 80 Skøyen | 0212 | OSLO |